



SKAL BLI ÅRVISS: – Vi satsar på at refleksjakta skal bli eit årleg opplegg på Refleksens dag tredje torsdagen i oktober, seier Nils Frøseth, primus motor for opplegget. Her saman med dottera Amanda.

Med lys og lykt på refleksjakt

LINDÅS: I stummande mørke og med lommelykt i hand deltok over 50 barn og 35 vaksne i refleksjakta i Trekanten aktivitetspark på Kløvheim torsdag kveld. Mange såg lyset og fekk ei skikkeleg oppleving av kor viktig det er å bruka refleks.

ARTHUR KLEIVELAND
Tekst og foto

–Vi må bruka refleks, elles ser ikkje bilane oss, seier fire år gamle Magnus Fanebust, og det er

turvenene Ida S. Tvedt og Stine Lise Tvedt Kjøpstad heilt einige i. Med kvar si lommelykt lyser dei inn i skogen, der ein refleksvest lyser veldig opp der det såg ut til å vera bekmørkt.

Den store refleksjakta gjekk av stabelen for første gong, men målsetjinga til Kløvheim bygdelag er at dette skal verta eit årleg arrangement på Refleksens dag på tredje torsdagen i oktober.

– På smale og til dels uoversiktlege vegar er det svært viktig å bruka refleks for å bli sett i mørket. Det er mange som ferdast langs vegen, ikkje minst på veg til og frå aktivitetsparken. Denne type opplegg er med på å skapa gode haldningar og dermed også betre trafikksikring, seier Nils

Frøseth, primus motor bak refleksjakta, saman med mellom andre Ida Marie Thue Hindenes, Bernt Olav Fjellanger og Hege Baardsen.

Bokstavkode

– Veldig spennande og moro med refleksjakt, forsikrar Aurora, Malene og Andrine, som har funne eit nytt reflekspunkt, og dermed også ei ny oppgåve å løysa. Aurora forsikrar at ho er flink til å bruka refleks.

– Enkelte gonger vanleg refleks, andre gonger refleksvest. Ingen tvil om at refleksjakta var eit veldig populært opplegg. Med lykt i hendene jakta ungane på refleksar som var hengt ut ulike plassar i aktivitetsparken. Der

refleksane var plassert, var det også eit spørsmål som skulle svarast på. Bokstavkoden for kvart rett svar skulle til slutt gje svarordet «refleksjakt».

Opplegget var særleg lagt opp for barn frå 5 til 13-årsalderen. Dei under sju år gjekk ei kortare løype saman med vaksne, medan dei litt eldre tok ein litt lenger tur i Trekanten.

Julestemning

Det var snev av julestemning i aktivitetsparken på Kløvheim denne torsdagskvelden. I tillegg til dei mange lykter og refleksar som lyste opp nattehimmelen, vart det også servert både kake, kakao og julebrus til deltakarane.

Og gode gåver vart det også på dei som var med. Alle barna fekk kvar sin refleksvest og lommelykt for dei la i veg, og boka «Max og Mia og de kule refleksane» og T-skjorte som premie når dei kom i mål. Både lommelykt og T-skjorte er utstyrt med Trekanten-logo, som ein av elevane på skulen har laga.


Bygdelaget har fått 15 000 kroner i tilskot frå Hordaland Fylkeskommune til refleksjakta, og støtte i form av refleksvestar og refleksar frå NAF, Tryg og Gjensidige. Front Forlag har bidrege med bokpremiene, og Meny sponsa mat og drikke.



VISTE VELDIG GODT: Det var veldig spesielt å sjå kor sterk refleksvesten lyste opp på lang avstand, seier Johannes Eikanger Nordal, Kristoffer Taule Vassdal og Remi Fyllingen.



KLAR TIL INNSATS: Magnus Fanebust, Stine Lise Tvedt Kjøpstad og Ida S. Tvedt iført refleksvest og lommelykt, klart for den store refleksjakta.



ER PÅ SPORET: Malene og Aurora Nyheim, og Andrine Svendsen har funne refleksene, og er i ferd med å svara på spørsmålet som er lagt ut her. – Utruleg viktig å bruka refleks, seier dei.